



FESTIVAL HYLLAR KATE BUSH

I september kan du få med deg *Running Up That Hill – a Celebration of The Work of Kate Bush* på His Majesty's Theatre i Aberdeen. Tidlegare Delegados-vokalist Emma Pollock er kurator. Festivalen får med seg eit speker av vokalistar, som James Graham frå The Twilight Sad, Peter Brewis frå Field Music og Sarah Hayes frå Admiral Fallow.

MCS



Sara Watkins skrive eller samskrive alt materialet på plata. Foto: Maarten Deboer

finne ro nok i isolasjonen, i dette tilfelle i ein ørken, til å puste godt, og berre kjenne at ein er i livet.

EIGE MATERIALE

For første gong har Watkins skrive eller samskrive alt materialet på ei plate, og sidan ho laga *Young In All The Wrong Ways* i ein periode der ho stod utan kontraktar med både manager og plateselskap, lét ho sine eigne val og preferansar styre heile arbeidet med utgi-

vinga. Dermed er også musikarane ho har med seg folk ho har kjent i ei årrekke: solide aktørar som Gabe Witcher, Chris Eldridge og Paul Kowert (Punch Brothers), Sarah Jarosz og Aoife O'Donovan (I'm With Her), Jon Brion, Jay Bellerose og Jim James (My Morning Jacket).

ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.



Jim O'Rourke spelar ein forheksande versjon av «Sad Eyed Lady of the Lowlands».

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhabring@gmail.com

Frå epigon til idiom

Rune Alver syner oss Monrad Johansens kompositoriske utvikling.

CD



DAVID MONRAD JOHANSEN:
Fedrenes Fjell

RUNE ALVER, KLAVER. LAWO 2016

David Monrad Johansens lange komponistkarriere kan delast i tre: I den fyrste fasen var Grieg det store førebiletet. I den andre fasen, i 1920-åra, la han seg til ein røff komposisjonsmåte som er sterkt modal, altså med skalatypar frå folke-musikken i staden for dei klassiske dur- og mollskalaene. Og i den tredje fasen, etter seine studium i Leipzig i 1933, er idealet i neoklassisismen om lineær, velordna stemmeføring tydeleg.

På det spanande soloalbumet *Fedrenes Fjell* tek bergensaren Rune Alver oss med på ei kronologisk reise gjennom

Monrad Johansens verk. Den fyrste komposisjonen hans er *Kværn-Slått* frå 1912, med undertittelen «Norwegische Humoreske» – eit fint stykke, jamvel om det læt griegsk tvers gjennom og difor ikkje kan kallast særleg originalt.

Suiten *Prillar-Guri* frå 1924 kan innordnast i den andre fasen, særleg sistesatsen «Frå Skottetoget». Men òg her lurar Grieg i bakgrunnen. For er ikkje både det rytmiske akkompagnementet og den virilt ornamenterte melodien påfallande likt Griegs lyriske stykke «Bryllupsdag på Troldhaugen»?

Frå den siste fasen er suiten *Nordlandske Danser*, som byggjer på fem stutte slåttar frå Vefsn og Hattfjelldal. Denne komposisjonen, som blei urframført i 1958, er den beste på plata, for her møter me ekte stilistisk særpreg, med luftige akkordar og perlande melodiar. Alt dette blir solid framført av Rune



Helgelendingen David Monrad Johansen (1888–1974) var ein av våre viktigaste komponistar på 1900-talet.

Foto: Nasjonalbiblioteket

Alver, ein pianist som ikkje er redd for å ta hardt i klaveret.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musiker og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

Den vesle prinsen

CD



JOHANN ERNST PRINZ VON SACHSEN-WEIMAR:

The Complete Violin ConcertosENSEMBLE «FÜRSTEN-MUSIK»
CPO 2016

Det musikalske vedunderbarhet Johann Ernst IV av Sachsen-Weimar (1696–1715) blei ikkje gamal. Etter å ha studert på universitetet i Utrecht kom den unge prinsen heim til hertughoffet i Weimar i 1713, med bagasjen full av musikk av dei mest trendsetjande italienske komponistane i tida. Men gleda ved notane varde ikkje lenge: Som attenåring døydde han av ein kreftsvulst i foten.

Likevel fekk han utretta mykje musikalsk: Han bidrog ikkje berre til at den nytvika italienske solokonserten (der eitt soloinstrument tevlar mot orkestret) spreidde seg til Tyskland; han komponerte òg solokonsertar sjølv, og desse tykte den unge konsertmeisteren ved hertughoffet, J. S. Bach, var så vellaga at han arrangerte dei for klaver. På det nye albumet sitt spelar Ensemble «Fürsten-Musik» alle desse prinsekonsertane, leidd av orkestrets *prima inter pares*, solofiolinisten Anne Schumann, som spelar reint og

med fin, rund klang. Orkesterfiolinane, derimot, burde stundom vore nøgnare med intonasjonen. Me får òg tre av Bachs transkripsjonar for cembalo, som cembalisten Sebastian Knebel spelar lytelaut.

Korleis høyrer så musikken ut? Prinsen har teke grundig til seg dei formale og stilistiske nyvinningane til førebileta – særleg godt høyrer me påverknaden frå Antonio Vivaldi. Men me merkar at det er ei ung og

urøynd sjel som står bak, for harmoniane er oftast enkle og akkordprogresjonane fylger læreboka. På det beste kling det likevel delikat, italiensk i grunnhåttan, som i fyrstesatsen *Concerto i G-dur* (i Bachs cembalo-omarbeiding ber konserten opusnummeret BWV 592a), som skifter elegant mellom to taktarter i éin og same sats.

SJUR HAGA BRINGELAND



DET STORE FØREBILETET TIL PRINSEN: Antonio Vivaldi (1678–1741). Foto: Sjur H. Bringeland